



Til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet

Oslo, 09. mai 2018

## Høringsuttalelse - forslag om endringar av fylkeskommunen sine oppgåver.

Norges Bygdekvinnelag viser kommunal- og moderniseringsdepartementet si høyring på rapport frå ekspertutvalet si vurdering av nye oppgåver til fylkeskommunen. Vi har i vårt høyringssvar gitt innspel til forslaget om endringane for Merkurprogrammet.

Norges Bygdekvinnelag er imot regjeringa sitt forslag om å å legge Merkur-programmet sin administrasjon til fylkeskommunen.

Bygdekvinnelaget ser ikkje at forslaget om å legge Merkur-programmet sin administrasjon til fylkeskommunen vil som det vert beskrive i målsetjinga «styrke fylkeskommunenes samfunnsutviklerrolle, gi en mer brukervennlig forvaltning, en bedre offentlig ressursbruk, og bedre tjenester for innbyggere og næringsliv».

Norges Bygdekvinnelag er en forbrukerorganisasjon med 13 000 medlemmer fordelt på 450 lokallag over hele landet. Vi meiner nærbutikken er med på å oppretthalde lokal handel og ei levande bygd.

I tillegg til å selje mat spelar nærbutikken ei viktig rolle som møteplass i lokalsamfunnet. Nærbutikken gjev også bygdefolket viktige tilleggstenester som post, bank og apotek. Det vil ha stor betydning for eldre, uføre og andre som ikkje har tilgang på bil i eit område med et dårleg kollektivtilbod. Nærbutikken har så stor betydning at det mange steder kan bety forskjellen på ei død og ei levande bygd.

Mange nærbutikker opplever å ha ei for lita kundegruppe sidan ein del gjer sin «storhandel» andre stader, og er avhengig av støtte frå storsamfunnet. Merkur-programmet er ein viktig støttespelar for daglegvarebutikkane i distrikts-Noreg. Gjennom samordna nasjonal innsats, sikrar programmet målretta utviklingsarbeid, kompetanseheving, erfaringsutveksling og nytenking.

Utøvarane av Merkur-programmet har spisskompetanse på butikk - og bygdeutvikling. Dette gjer til at dei er godt eigna til å drive med kursing, rådgjeving og oppfølging av den enkelte nærbutikk ute i distrikts-Norge. Dei kjenner godt til den enkelte butikk sine behov.

Merkur-programmet driv opplæring av nye kjøpmenn og aktiv bedriftsrådgjeving gjennom konsulentar over heile Noreg. Målet er at kjøpmannen skal utvikle butikken sin, i nært samspel med bygda.

Norges Bygdekinnelag meiner at ein ved ei avvikling av Merkurprogrammet og samle det som ein del av fylkeskommunane sine andre rådgjeving- og stønadsordningar vil ha negative konsekvensar. Grunngjevinga for det er at den samordna og spissa innsatsen vil forsvinne og resultatet kan medverke til kroken på døra for mange av dei viktige servicesentra som nærbutikken representerer, i bygdesamfunn rundt om i Noregs land.

Norges Bygdekinnelag meiner Merkur-programmet, som kan vise til rapportar frå Institutt for bransjeanalyse at «små butikkar som deltek i Merkur-programmet i fleire år hatt større vekst i omsetnaden enn store distriktsbutikkar», må bestå som eit samordna, nasjonalt innsatsområde i framtida.

Vennleg helsing  
Norges Bygdekinnelag

Cesilie Aurbakken

---

Generalsekretær Cesilie Aurbakken

Ellen Krageberg

---

Leiar Ellen Krageberg